

Kveldsbøn III i Nes kyrkje

1. Prosesjon

Omkved:


Ant.
VI



H al-le-lu-ja, * hal-le-lu-ja, hal-le-lu-ja.


Omkved i fastetida:

Ant 1
6




D u er min Gud, eg takkar deg, * min Gud, eg lovsyng deg.


2. Innleiing



L Gud, kom og berg meg. **A** Herre, skund deg og frels meg.



Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, no og alltid og i



all æve. Amen. Hal-le-lu-ja. *Halleluja fell bort i fastetida.*

3. Syndsvedkjenning

L Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

A Gud, ver meg syndar nådig!

Eg har såra deg og svikta nesten min

– med tankar og ord,

med det eg har gjort,

og med det eg har forsømt.


Tilgjev meg syndene mine for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarta,

og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage ande.

4. Kveldshymne


LH 242



Før dagsens siste ljøs døyr ut, * vi kjem med bøn til deg, vår Gud:



Ver vakt og vern for flokken din, og lei han trygt til kvi-la inn!



2 Vend bort frå oss den vonde draum og tome skuggars ville straum!



Lat ordet slå vår fi-end ned, og gjev i natt vår lekam fred!




3 Å, hør oss, Far, allmektig, god, for Son din, Jesu Kristi blod, han




rår med Anden og med deg i ti-da no og æve-leg. A-men.

5. Salme 91


ET 392/299.3



Du skal ikkje reddast * for skræmsler om natta, for Herren




er med deg.



Den som sit i livd hjå Den / høgste *
og bur i skuggen / av Den allmektige,
han seier til Herren: «Mi livd og / borg, *
min Gud som eg / set mi lit til!»

Ja, han bergar deg frå jegerens / snare, *
frå / pest som tyner.

Med sine fjører løy/ner han deg, †
under hans venger finn du / livd. *
Hans truskap / er skjold og vern.



Du skal ikkje reddast for skræmsler om / natta, *
for piler som / flyg om dagen,
for pest som snikjer seg fram i / mørkret, *
for sott som her/jar ved middagstider.

Om tusen fell ved di si/de, †
ti tusen ved di høgre / hand, *
så skal ikkje u/lukka nå deg.
Du skal berre vera vitne / til det *
og sjå at dei gudlau/se får si løn.

For du seier: «Herren er mi / livd.» *
Den høgste har du gjort / til din bustad.
Inkje vondt skal koma / over deg *
og inga pla/ge nå ditt telt.

For han skal gje sine englar / påbod *
at dei skal verna deg på alle / dine vegar.
Dei skal bera deg på / hendene, *
så du ikkje støyter foten / på nokon stein.
På løve og orm skal du / trakka, *
ungløve og orm skal du / trø under fot.

«Eg bergar han, for han held seg til / meg; *
eg gjev han livd, for han / kjenner mitt namn.


Når han kallar på meg, sva/rar eg; †
eg er med han i naud og / trengsle, *
eg friar han ut og / gjev han ære.
Eg mettar han med mange / dagar *
og lèt han / sjå mi frelse.»

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage / ande, *
no og alltid og i all / æve. Amen.


6. Salme 4

AS 1099

Ant
8



Ver meg nå- dig, Gud, * og høyr mi bøn!



Når eg ropar, så / svar meg, *
du Gud som / er mi rettferd.
I nauda fann du utveg for / meg. *
Ver meg nådig, og / høyr mi bøn!

De menneske, kor lenge skal mi ære / krenkjast? *
Kor lenge vil de elska fåfengd og jaga etter / lygn og svik?
Vit at Herren gjer under for den som er trufast / mot han. *
Herren høyrer når eg ro/par til han.
Skjelv av redsle og synda / ikkje meir, *
tenk dykk om på lega, / og ver stille!
Ber fram dei rette / offer, *
og set dykkar / lit til Herren!

Det er mange som sei/er: †
«Gjev vi fekk oppleve / lukke! *
Lat ljuset frå ditt åsyn skina o/ver oss, Herre!»
Du gjev meg større glede i / hjarta *
enn dei andre har når dei får korn og / vin i mengd.
I fred vil eg leggja meg ned og / sova. *
For du, Herre, einast du lèt meg / kvila trygt.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage / ande, *
no og alltid og i all / æve. Amen.

7. Salme 134

PsM 94

Ant
Do



Lovsyng Herren, * alle Herrens tenarar.



Stå opp og lovsyng Herren, alle Herrens / tenarar, *
de som ved nattetider gjer teneste i / Herrens hus.


Lyft dykkar hender til / heilagdomen, *
og lovsyng / Herrens namn!
Herren velsigne deg frå / Sion, *
han som skapte him/mel og jord!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage / ande, *
no og alltid og i all / æve. Amen.

8. Lesing

*Her kan ein lesa ein fritt vald tekst.
Etter lesinga kan det vera ei kort stille.*

Dersom lesinga har ein karakter som innbyr til song, kan fylgjande lesetone brukast:



Bøygning

Vending

Spørsmål



Setningsslutt

A Gud, vere lova.

9. Svarsalme


Svar
Do



I - dine hender, Herre Gud, gjev eg no mi ånd. *Gjenta svaret*



F Du løyser meg ut, du trufaste Gud. *Gjenta svaret*



F Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande. *Gjenta svaret*

10. Simeons lovsong

Ant
3

A Herre, vern om oss når vi vaker, * og vakta oss når vi kviler,

så vi må vaka med Kristus, og finna kvile i din fred.

Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå i fred, slik som du har

lova.

For mine auge har sett di frelse, som du har gjort ferdig for åsynet

åt alle folk.


Eit lys til openberring for heidningane og til ære for folket ditt,

Isra-el.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, no og alltid og


i all æve. Amen.

11. Bøn



L Lat oss be.


Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg for at du har skapt ljuset og dagen. Vi bed deg: Ver hjå oss når dagen kverv, vara oss i mørkret og verna oss mot den vonde fienden. Lat oss her på jorda bu i livd av di miskunn og ein gong på den siste dagen gå inn til den evige kvile og fred.




...Ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre. **A** Amen.

12. Herrens bønn


Do
L at oss be den bøna som Herren har lært oss.




A Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.




Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt



daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldna-




rar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.




For riket er ditt og makta og æra i all æve. A-men.

13. Avslutning

MT 26



L Herren gjeve oss i natt sin fred og si miskunn når morgonen renn.



A Amen.

*Her kan ein syngja ein Maria-antifon,
eller t.d. hymnen «Heil deg, havsens stjerna»:*

14. Heil deg, havsens stjerna

LH 258



H eil deg, havsens stjerna, * Herrens moder milde,



møy som Gud hev verna, himmelhamn du stil-le!

2 Med sitt «Heil deg, sæle», / Gabriel deg helsa;
underfullt hans mæle / bar oss bod um frelsa.


3 Sjø med dine klåre / augo for dei blinde,
som i natt og fåre / kan 'kje ljuset finne!

4 Vil vår mor du vera, / våre ringe bønner
fram for Sonen bera, / han din kjærleik løner.

5 Sæle mor, me eine / honom likjast vilde,
vera gode, reine – / bed for oss, du milde!

6 Måtte Gud det gjeva, / at me i hans gleder
fær med Jesus leva / og hans lovsong kveda.

7 Gud, du eine, sanne, / lat oss deg få prise,
Fader, Son og Ande / upp i Paradiset!



A-men.

Ave, Maris stella, Hermann Contract de Vehringen 1000-t / Ragnhild Foss 1938

15. Resesjon (som: 1. Prosesjon)